



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Bastian Edi Hoffmann, 5557 2147

Vår dato
02.07.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/9436
Dykkar referanse
«REF»

Til
Kommunane i Hordaland

Handtering av hestegjødsel

Fylkesmannen minner om at det ikkje er lov å deponere hestegjødsel. Kommunen følgjer opp desse krava. Frå 2015 vil Fylkesmannen føre tilsyn med korleis kommunane forvaltar miljøregelverket.

Deponering av hestegjødsel er ulovleg

Det ser ut til at hestegjødsel frå hestesenter i mange kommunar i Hordaland ikkje blir teke hand om på ein måte som tilfredsstillar krava i regelverket. Praksisen kan gi risiko for miljøskade.

Fylkesmannen minner om at gjødsel berre kan bli lagra fram til spreiding, jmf *Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav* § 20. Gjødsel med meir enn 25 % tørrstoff skal bli skjerma mot overflatevatn. Kommunen kan i tillegg stille krav til skjerming mot nedbør, jmf § 19.

Lagring over fleire år er ikkje lov etter dette regelverket, og krev eige løyve til deponering frå Fylkesmannen.

Kommunen følgjer opp hestegjødsel på avvege

Oppfølging av miljøregelverket ligg til kommunen. Dette gjeld både *Forurensingsloven* og *Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, del III Bestemmelser om lagring og bruk*. Regelverket gjeld alle føretak, uavhengig av tilknytning til landbruk. Kommunen kan til dømes be hestesenter og rideklubber om ein redegjering for korleis dei organiserer gjødselhandteringa.

Kommunen bør utføre synfaring og har mynde til å gi pålegg om kva som må gjerast for at tilhøva skal bli retta opp i og vere i tråd med regelverket, innan ein fastsett frist. For å få pålegget gjennomført kan kommunen knytte tvangsmulkt til pålegget. Dette er heimla i *Forurensingsloven* §§ 7, 49, 50 og 73. Tvangsmulkt skal berre betalast dersom tilhøva ikkje blir utbetra. Dersom føretaket ryddar opp i tilhøva, blir det ingen tvangsmulkt å betale. Tvangsmulkt er berre eit verkemiddel for å få gjennomført krava, og er ikkje å sjå på som straff.

I tillegg til pålegg og tvangsmulkt skal kommunen vurdere om føretak som tek i mot produksjonstilskot skal få trekk i tilskotet for å ha brote regelverk for jordbruksverksemd. Pengar frå samfunnet skal ikkje bli brukt til å støtte ulovleg drift. Avkorting i produksjonstilskot er heller ikkje ein straff, men konsekvens av å drive i strid med regelverket. Det er nok å ha vore uaktsam for å få avkorting i tilskot. Trekk i produksjonstilskot er heimla i *Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd* § 11.

I nokre tilfelle vil kommunen vurdere å melde tilhøva til politiet. Dette er mest aktuelt i sakar av særleg alvorleg karakter eller der ein ikkje får ordna opp i situasjonen på annan måte. Politiet vil vurdere straffeansvar og eventuelt gi bot eller fengsel. Jmf *Forurensingslova* § 78.

Fylkesmannen vil føre tilsyn med kommunens forvaltning av miljøregelverk

Fylkesmannen i Hordaland forventar at kommunane grip fatt i problemstillinga og set krav til føretak som ikkje føl krava.

I juni 2014 blei det innført ny lovtekst i Forurensingsloven § 48a, som seier at Fylkesmannen kan føre tilsyn med korleis kommunen forvaltar miljøregelverket. Dette gjeld både generelt, og miljøregelverk knytt til både landbruk og bruk av gjødselprodukt. Fylkesmannen i Hordaland vil setje i gang slik kontroll overfor kommunane frå 2015.

Moglege løysingar for føretaka

Hestegjødsel med mykje strø av sagflis er lite eigna som gjødselprodukt direkte, men kan bli kompostert og nytta til jordforbetring. Anlegg for kompostering skal vere godkjent av Mattilsynet.

Hestegjødsel med lite strø av sagflis kan bli brukt som gjødsel på dyrka areal. Dette krev eigna spreieutstyr og nok jordbruksareal per hest.

Hestegjødsel kan elles bli levert til godkjent mottak, til dømes for forbrenning eller innblanding i jordmassar. Ein ny mottaksordning basert på bruk av annan type strø er under utvikling i Bergen og venta klar hausten 2015.

Kva løysing som passer, vil variere frå føretak til føretak. Det er føretaket sjølv som har ansvar for å finne løysingar som er innanfor regelverket.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Kjell Kvingedal
Miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.